
Saksnr: 2022/1129-9
Saksbehandlar: Bjørnar Tjøflot

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovedutval for næring		10.12.2021
Fylkesutvalet		09..02.2022

Fråsegn til revisjonsdokument for Evanger Kraftverk - Eksingedalsvassdraget og Teigdalsvassdraget

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune ber NVE vektleggje fråsegna frå kommunar, grunneigarar og organisasjonar som er råka av reguleringa.
2. NVE må stille krav om at det vert gjort ei kartlegging av eksisterande kulturminneverdiar og oppfølgande kulturminneregistrering i revisjonsområdet.
3. Vestland fylkeskommune føreslår følgjande tiltak i Eksingedalsvassdraget:
 - Slepp av minstevassføring frå Askjelldalen og Grøndalen. Minstevassføring bør prøvast ut i ein periode på 5-10 år for så å kunna justera for å få optimale tilhøve for livet i vatnet. Ein må ta utgangspunkt i vanleg lågvassføring sommar og vinter. Ein slik prøveperiode vil gje eit mykje meir nøyaktig reknestykke for tapte kraftinntekter i eit klima i endring.
 - Det må lagast ein terskelplan der alle gjeldande tersklar, nye tersklar steingrupper og andre tiltak vert vurdert etter funksjon og behov.
 - Regulanten må påleggjast å jamleg utføra klipping og fresing av tilgrodde stader ved Lavik, Flatekval, Bergo, og eventuelt andre stader i elva.
 - Regulanten må etter behov ta ansvaret for å fjerna unaturleg oppsamling av mudder og slam oppstått i samband med reguleringa.
 - Utprøving av auka minstevassføring frå Nesedammen for å betra tilhøva for laksen i nedre del av Ekso. I tillegg må planen om passasje for laksen forbi Høsefossen gjennomførast for å auka oppvekstområdet opp forbi Eikemo.
 - Det må lagast ein plan for kantvegetasjon, kantrydding og visuell oppleving av vassdraget og fossane.
4. Vestland fylkeskommune føreslår følgjande tiltak i Teigdalsvassdraget:
 - Det må lagast ein terskelplan der alle gjeldande tersklar, nye tersklar steingrupper og andre tiltak vert vurdert etter funksjon og behov.
 - Føreslått minstevassføring frå Norce på minimum 400 l/s for må kvalitetssikrast av anna forskingsorgan for å vera sikker på at vassbehovet er dekkja for å få ein auka produksjon av fisk i

elva. Ein må ta utgangspunkt i vanleg lågvassføring sommar og vinter. Minstevassføringa må målast fleire stader i elva. Minimum i Kråkefossen og på Mestad.

- Regulanten må påleggjast å jamleg utføra klipping og fresing av Mestadvatnet og eventuelt andre stader for å gjenoppretta sirkulasjon i vatnet.

5. Fylkeskommunen ber om at det utgreiast og etablerast nytt, eller nye, vassinntak høgt i reguleringsmagasina til Evanger kraftverk. Dette for å få ein meir naturleg vassstemperatur i Bolstadelva og dermed meir naturleg smoltproduksjon.

6. Fylkeskommunen ber om at problem knytt til reguleringa sitt vassregime utgreiast med omsyn til auka ferskvassinnhald i Bolstadjorden. Vi ber om vurdering av senking av terskel på Straume i Vaksdal med omsyn på flaum og ynske om meir vassutskifting i fjorden.

7. Vestland fylkeskommune ynskjer at det vert gjort målingar i vassdraga for å kartleggje kvar gassovermetting er eit problem og vidare iverksett tiltak for å unngå gassovermetting.

8. Vi ber om at nye vilkår ikkje er eit hinder for at regulanten kan drive flaumdemping gjennom aktiv regulering før og under store tilsigsepisodar.

9. Krav om vedlikehald og offentleg bruk av anleggsvegar i fjellet må vidareførast så langt dette ikkje er i konflikt med omsynet til villreinen. Tida vegane brøytast og er tilgjengelege må sjåast i samanheng med villreinen sin bruk av dei ulike områda. Ev. stenging må skje gjennom adaptiv forvaltning der veg kan stengast med bom ved avgjerande periodar for aktiviteten til villreinen. Vegen skal likevel vedlikehaldast.

Samandrag

Vestland fylkeskommune har føreslår mange punkt som bør inkludrast i reviderte vilkår. Fleire av desse går på krav om minstevassføring og fysiske tiltak for å betre miljøet i dei regulerte elvane. I tillegg ber vil om omfattande kartlegging av kulturminneførekomstar i revisjonsområdet. Mogelegheita for flaumdemping må ivaretakast. Fylkeskommunen ber òg om at kommunane sine fråsegn vektleggast i revisjonen.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Bård Sandal
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I denne saka skal Vestland fylkeskommune vedta fråsegn til høyringa av eit revisjonsdokument som er utarbeidd av BKK i revisjonen av vilkåra for konsesjonen for Evanger kraftverk – Eksingedalsvassdraget og Teigdalsvassdraget. Det er NVE som har sendt dokumentet på høyring og skal vurdera fråsegna som kjem inn i saka.

NVE skriv følgjande om vilkårsrevisjon på sine nettsider: «hovedformålet med en revisjon vil være å bedre miljøforholdene i regulerte vassdrag. Kjernen i en revisjon vil være å avveie dette formålet opp mot formålet med selve konsesjonen, som er kraftproduksjon. Revisjonsadgangen er ment å innebære en modernisering eller ajourføring av konsesjonsvilkårene, blant annet når det gjelder miljø. Den nye konsesjonen skal gjelde for de neste 30 år.» Det er viktig å påpeika at det er stor avstand mellom kva det var krav til av utgreiing og avbøtande tiltak for å få konsesjon før samanlikna med kva det er krav til no. Konsesjonsvilkår som kan krevjast revidert no er oftast godt over 50 år gamle. Ajourføring av vilkår betyr at nye vilkår skal ta alle omsyn som krevjast av tilsvarande moderne konsesjonar.


Januar 2019 bad NVE kommunane Voss, Vaksdal, Vik, Modalen, Kvam og Høyanger utgreia eventuelle ynskje om å fremje krav om vilkårsrevisjon etter innkomne krav frå m.a. Forum for Natur og Friluftsliv, Eksingedalen Bygdaråd og Stiftelsen Voss Klekkeri. Kommunane sendte 05.06.2019 eit felles kravdokument om vilkårsrevisjon for Modalsvassdraget, Eksingedalsvassdraget, Teigdalsvassdraget og Bergsdalsvassdraget med Torfinnsvatnet. I tillegg sendte kvar kommune i juni 2019 inn sine spesifikke krav med vedlagte koordinerte krav frå alle kommunane.

På bakgrunn av krava har BKK utarbeidd eit revisjonsdokument som mellom anna skildrar reguleringane og vurderer dei ulempene ein er kjent med. Krava frå kommunane er kommenterte av BKK i revisjonsdokumentet. Revisjonsdokumentet og fråsegnene til dette vil utgjere ein viktig del av grunnlaget for å fastsette reviderte vilkår. Denne saka gjeld vilkår knytt til konsesjonar i Eksingedals- og Teigdalsvassdraget knytt til Evanger og Myster kraftverk.

Viktige problemstillingar i denne vilkårsrevisjonen er krav om minstevassføring, flaumdemping, kraftproduksjon, villrein og utgreiing av kulturminneførekomstar.

Oversikt og områdeskildring


Utbygginga ligg i kommunane Voss, Vaksdal, Modalen og Vik i Vestland fylke. Kartet under viser nedslagsfeltet til aktuelle konsesjonar.



Kart over utbygginga (frå revisjonsdokument)

Landskapet i området er skildra av Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (sjå figuren under):

- 15-«vassdraga er ofte korte og bratte med hyppig førekomst av fossar og stryk. Storsamfunnet sin bruk av regionen har vore omfattande, noko me kan sjå i form av store damanlegg og kraftgater».
- 22-«Rennande vatn er eit gjennomgåande karaktertrekk, og sidedalane især har ofte tronge gjel eller høge tersklar som elvane kastar seg utfor. Slørete fossefall, og hastige stryk er utbreidd, og lyden av rennande vatn pregar mange natur- og kulturmiljø i dalbotnane»



(Kilden kart/NIBIO) Landskapsregionar.

Vassdraga og minstevassføring

Om vassdirektivet på NVE sine nettsider om revisjon av konsesjonsvilkår: «EUs rammedirektiv for vann (vanndirektivet) og den norske vannforskriften er sentrale i revisjonsprosessen. De lokale tiltaksanalysene samt forvaltningsplanene gir nyttige innspill til prioriteringene av miljøhensyn og hvilke tiltak som bør vurderes i revisjonen. Revisjon av konsesjonsvilkår vil være et sentralt virkemiddel for å forbedre miljøtilstanden, som er et hovedmål i vannforskriften. Revisjonsprosessen bør derfor samordnes med vanddirektivarbeidet så langt det er mulig og hensiktsmessig.»

Minstevassføring er eit viktig krav i denne revisjonen. Meir nedbør vil gje auka kraftproduksjon som òg må kome elva til gode. Ikkje berre regulanten. Tapet av kraft, som BKK skisserer ved slepp av minstevassføring, vil verte mindre grunna auka tilsig. Minstevassføring bør prøvast ut i ein periode på 5-10 år for så å kunna justerast for å få optimale tilhøve for livet i vatnet. Ein slik prøveperiode vil gje eit mykje meir nøyaktig reknestykke for tapte kraftinntekter i eit klima i endring.

Eit pålagt vass-slepp vil utgjera ein liten del av den totale produksjonen ved Evanger- og Oksebotnen kraftverk, som er på om lag 1400 GWh. Ved utbygging i dag hadde vilkår om minstevassføring i desse vassdraga vore eit naturleg pålegg for å få konsesjon.

Eksingedalsvassdraget

Eksingedalsvassdraget er langt. Elva Ekso er over 45 kilometer lang frå sjøen og opp til Gullbrå med Grøndalsdammen, og med Norddalselva opp til Askjelldalsdammen.

Øvre del av vassdraget vart regulert med konsesjon frå 1966 utan krav om minstevassføring. Det sterkt regulerte vassdraget, med den lange elva Ekso som det mest synlege, er prega av at om lag 50 % av vatnet er ført vekk frå Ekso og over til Vossovassdraget og Modalen.

Det er ikkje noko form for minstevassføring frå dei store damanlegga Askjelldalen og Grøndalen. Dette set sitt preg på elva gjennom dalen frå Gullbrå, til Ekse og vidare til Trefall-brua. Det same gjeld Norddalselva frå Askjelldalen og ned til Trefall-brua, der dei to elvegreinene møtest i Ekso. Vidare er strekninga frå Trefallsbrua til Trefall og vidare til Brakestad prega av svært låg vassføring i tørre periodar. Trefallsvatnet er svært tilgrodd og grunt på grunn av transport av sediment over lang tid og lite utspyling frå flaumar.

Lite vatn att i vassdraget bidreg til at utslepp av nærings salt frå jordbruket langs elva påverkar i mykje større grad enn før då ein hadde mykje vatn og stor fortyningseffekt. Jordbruket er gjennom vassdirektivet difor pålagt tiltak for å redusera denne påverknaden. Då er det naturleg at også regulanten bidreg med vatn for å redusera denne påverknaden.

Regulering frå 1966 utan krav om minstevassføring har over tid medført eit endra regime i elva. Redusert vassføring og utspyling og færre flaumar har gjeve auka temperatur i vassdraget med auka tilgroing og sedimentering. Det er laga om lag 40 tersklar i vassdraget for å oppretthalda basseng med visuell vasspegel. Mange av dess fungerer dårleg med auka tilgroing og stor produksjon av småfisk av aure.

Tilgroing i vassdraget er eit problem, og er godt dokumentert frå tidleg i 1990-åra og fram til no. Øvre Eksingedalen grunneigarlag ber om at regulanten i revisjonsvilkåra påleggast å sørge for klipping og fresing av utsette område. Altså gjennomføre landskapspleie. Denne plikta må framstå så tydeleg at det ikkje skal vere grunneigarar og andre interesserte som skal søke regulanten og andre om midlar til arbeidet.

Vestland fylkeskommune føreslår følgjande tiltak i Eksingedalsvassdraget:

- Slepp av minstevassføring frå Askjelldalen og Grøndalen. Minstevassføring bør prøvast ut i ein periode på 5-10 år for så å justerast for å få optimale tilhøve for livet i vatnet. Ein må ta utgangspunkt i vanleg lågvassføring sommar og vinter.
- Det må lagast ein terskelplan der alle gjeldande tersklar, nye tersklar, steingrupper og andre tiltak vert vurdert etter funksjon og behov.

- Regulanten må påleggjast å jamleg utføra klipping og fresing av tilgrodde stader ved Lavik, Flatekval, Bergo, og eventuelt andre stader i elva.
- Regulanten må etter behov ta ansvaret for å fjerna unaturleg oppsamling av mudder og slam som har oppstått i samband med reguleringa.

Ekso sin nedre og lakseførande del

Ekso var fram til 1992 ei av vestlandet sine viktige lakse- og sjøaureelvar. Myster kraftverk starta drift frå 1987 med krav om minstevassføring. Likevel har reguleringa hatt sterkt negativ påverknad på laksestamma grunna bortføring av vatn med god pH frå den lakseførande delen av elva. Dette har ført til at ein med statlege midlar har kalka elva frå området ved Tverrbekken sidan 1997. BKK bygde laksetrapp i Raudfossen, men har ikkje klart å slutføra fisken si vandring forbi Høsefossen. Revisjon av Myster kraftverk sitt manøvreringsreglement i år 2000 har forbetra tilhøva i elva ein del, men det er behov for ytterlegare tiltak.

Vestland fylkeskommune føreslår difor utprøving av auka minstevassføring frå Nasedammen for å betra tilhøva for laksen i nedre del av Ekso. I tillegg må planen om passasje for laksen forbi Høsefossen gjennomførast for å auka oppvekstområdet opp forbi Eikemo.

Friluftsliv i Eksingedalen

Eksingedalen er innfallsporten til Stølsheimen friluftsområde med tilrettelagt rute og hyttenett. Eksingedalsvassdraget har 14 større fossar. Ein del av dei er svært synlege, som fossane på Vetlejord, Flatekval, Fossfossen, Storeglupen og Bergofossen som dei største. For å ta vare på og visa fram dei kvalitetane vassdraget faktisk har også etter reguleringa, ligg det godt til rettes for at det kan byggjast utsiktsplassar og rasteplassar på utvalde stader i Eksingedalen – gjerne spesielt knytt til nemnde fossar. Det må også lagast plan for kantrydding, slik det er gjort med Fossfossen, slik at det visuelle landskapsbildet med fosselandskapet kjem fram. Dette må ikkje komma i konflikt med kravet om kantvegetasjon tett inntil elvestrengen.

Meir konkret føreslår vi at det må lagast ein plan for kantvegetasjon, kantrydding og visuell oppleving av vassdraget og fossane.

Teigdalsvassdraget

Vassdraget vart regulert med konsesjon frå 1966 utan minstevassføring. Dette har ført til at tilhøva for laks og sjøaure i elva har vorte kraftig forverra med periodevis uttørking og tap av yngel. Dette skjedde seinast i aug-sept 2021 med historisk låg vassføring i elva. Reguleringa har over tid òg medført eit endra regime i elva. Redusert vassføring og utspyling og færre flaumar har gjeve auka temperatur i vassdraget med auka tilgroing og sedimentering. Det er laga tersklar i vassdraget for å oppretthalda basseng med visuell vasspegel. Somme av desse fungerer dårleg med auka tilgroing og stor produksjon av småfisk av aure.

Lite vatn att i vassdraget bidreg til at utslepp av næringssalt frå jordbruket langs elva påverkar i mykje større grad enn før då ein hadde mykje vatn og stor fortynningseffekt. Jordbruket er gjennom vassdirektivet difor pålagt tiltak for å redusera denne påverknaden. Då er det naturleg at òg regulanten bidreg med vatn for å redusera denne påverknaden.

Endra vassregime og temperatur har òg medført tilgroing særleg i Mestadvatnet og i deler av elva.

Vestland fylkeskommune føreslår følgjande konkrete tiltak i Teigdalselva:

- Det må lagast ein terskelplan der alle gjeldande tersklar, nye tersklar steingrupper og andre tiltak vert vurdert etter funksjon og behov.
- Føreslått minstevassføring frå Norce på minimum 400 l/s for må kvalitetssikrast av anna forskingsorgan for å vera sikker på at vassbehovet er dekkja for å få ein auka produksjon av fisk i elva. Ein må ta utgangspunkt i vanleg lågvassføring sommar og vinter. Minstevassføringa må målast fleire stader i elva. Minimum i Kråkefossen og på Mestad.
- Regulanten må påleggjast å jamleg utføra klipping og fresing av Mestadvatnet og eventuelt andre stader for å gjenopprette sirkulasjonen i vatnet.

Teigdalselva er ei kjend elv for elvepadlarar på høgt nivå. Den er omtala i fleire guidebøker utgjeve på fleire språk. Fleire fossar i Eksingedalen vert òg nytta, men i noko mindre grad. I 2022 står

Ekstremsportveko som arrangør av verdsmeisterskapen i elvepadling. Reiseliv knytt til ekstremспорт er ei viktig næring på vestlandet.

Vi viser til fellesuttale frå Voss Kajakklubb, Norges Padleforbund og Stiftinga Ekstre Voss. I uttalen ynskjer dei at deira grunnlag for å drive aktivitet i elvane vektleggast i revisjonen. Dette gjeld mellom anna ynskje om vassføring og at det vert mogeleg å sleppe vatn til avtalte tider slik at arrangement som krev ei viss vassføring kan planleggjast og gjennomførast. Vestland fylkeskommune registrerer at dette er eit konkret innspel til revisjonen som peikar på verdiskaping knytt til at det er vatn i elvane.

Bolstadelva

På grunn av reguleringa har vassstemperaturen endra seg og smoltalderen i Bolstadelva har auka med eit år med truleg medfølgjande auka tap av fisk.

Vi føreslår at det må utgreiast om etablering av nytt, eller nye, vassinntak høgt i reguleringsmagasina til Evanger kraftverk kan gje ein meir naturleg vassstemperatur i Bolstadelva og vidare meir naturleg smoltproduksjon.

Smolten brukar truleg lenger tid på å komma seg ut av fjordsystemet grunna mykje ferskvatn frå kraftreguleringa. Dette fører til større predasjon og at større del av smolten dør før han når havet. Vi ber om at problem knytt til reguleringa sitt vassregime utgreiast med omsyn til auka ferskvassinnhald i Bolstadjorden. Vi ber om vurdering av senking av terskel på Straume i Vaksdal med omsyn på flaum og ynske om meir vassutskifting i fjorden.

Gassovermetting

BKK har hatt utfordringar med høge verdiar på luftovermetting frå mellom anna Myster kraftverk. Luftovermettinga har forårsaka død fisk i elva nedstrøms kraftverket.

Statsforvalteren i Vestland har fremja generelt krav om at konsesjonæren må identifisere vassdrag der luftovermetting kan vere ei problemstilling, og beskrive kva som er gjort eller gjort for å hindre luftovermetting.

Vestland fylkeskommune ynskjer at det vert gjort målingar i vassdraga for å kartleggje kvar gassovermetting er eit problem og vidare iverksett tiltak for å unngå gassovermetting.

Stølsheimen landskapsvernområde

Utbygginga går inn i Stølsheimen landskapsvernområde. Vassøyane og Torvedalstjørni er regulerte og ligg inne i Stølsheimen naturvernområde og landskapet er påverka av reguleringa rund desse. Vassøyane har ein dam enden av vatnet og ein tappekanal. Reguleringshøgda på vatnet er 1,3 m. Torvedalstjørni har dam og tappekanal mot vest. Reguleringshøgda er 1,7 m.

Stølsheimen verneområdestyre har i sin uttale skrive m.a. at det bør setjast krav om minstevassføring for elva som renn ut frå Torvedalstjørni. Dette for å betre verknaden på landskapet og levevilkåra for fisken i vassdraget. Dei meiner at minstevassføring bør setjast til minimum 5-percentil heile året.

Villrein


Fjellheimen villreinområde er ikkje omfatta av regionale planar for villrein, utarbeidd av fylkeskommunane. Næraste regionale plan er Nordfjella og Raudafjell, der Raudafjell er ganske tett på, men likevel avskore i dalane/fjordane der E16 går.

Ei rekke inngrep og uromoment påverkar reinen i Fjellheimen negativt, og det er viktig å poengtere at det er summen av inngrep og naturgitte forhold som til slutt vert avgjerande for effektane på reinen. Dei tyngste inngrepa i Fjellheimen er forårsaka av kraftutbygging og veg- og hytteutbygging. Ved utbygging av vasskraft følger anleggsveggar som ofte vert permanente etter at utbygginga er slutført. Dette fører til meir ferdsel, både på vegane, og ferdsel i terrenget, då kraftvegane gjer fjellet meir tilgjengeleg for friluftsliv.


Det er observert aukande bruk av anleggsvegane som utgangspunkt for menneskeleg ferdsel i villreinområdet. Som figuren under viser, er det ei rekke tradisjonelle villreintrekk som er tapt grunna oppdemde vatn. Desse er det liten rå å gjere noko med. Men det eksisterer òg god kunnskap knytt til

eksisterande trekk i område som ikkje er direkte forringa av oppdemming, men som likevel er/kan bli sterkt påverka grunna tilhøyrande anleggsveggar. Auka allmenn ferdsle på desse vegane vil ytterlegare kunne påverke villreinen negativt. Det er totaliteten av inngrep i eit villreinområde som avgjer korleis reinen kan nytta sine opphavlege habitat. Det er difor viktig at tiltakshavar/konsesjonær faktisk bidreg til å skape eit kunnskapsgrunnlag om total påverking av villreinområde og dyra sine mogelegheiter til å utnytte leveområdet sitt.

Det er ei klar forventning om at konsesjonær lener seg på fagrapportane og fagnotata som er utarbeidd (til dømes Notat: Reguleringar for Evanger kraftverk og i Modalsvassdraget; Verknader på villrein og moglege avbøtande tiltak, Sogn Naturforvaltning, 02.06.2019). Vi viser til §§ 8-11 i Naturmangfaldslova.



Leveområda til villreinen i Fjellheimen (henta frå NVS RAPPORT 28/2020)



Trekkruiter og potensielle områder for avbøtande tiltak (raud indikerer topografi)

Det er likevel særleg ferdsel knytt til anleggsvegar som det i dag er mogleg å eventuelt gjere noko med gjennom vilkårsrevisjon. I revisjonsdokumenta vert det sagt at BKK samarbeider tett med Villreinnemnda, og sitt i referansegruppa i kartleggingsprosjekt av villrein i regi av Villreinutvalet. BKK er soleis godt kjend med utfordringsbiletet knytt til villrein, og i tett dialog med aktuelle aktørar. Konesjonær foreslår mellom anna ei endring i vilkår- og manøvreringsreglementet knytt til anleggsvegane som «... Konesjonæren har rett til å stenge egne anleggsveier for allmennheten, når sikkerhet ikke er tilstrekkelig til at andre brukere bør benytte veien, eller det er til fordel for villreinen». Som tidlegare nemnd er anleggsvegar og ferdsla knytt til desse eit avbøtande tiltak som vil kunne ha god effekt.

Fylkeskommunen understrekar at dei opne anleggsvegane i Eksingedalen og Teigdalen har vore til stor nytte glede for grunneigarar og friluftsfolk for å komma seg til fjells. Krav om vedlikehald og offentlig bruk av anleggsvegar i fjellet må vidareførast så langt dette ikkje er i konflikt med omsynet til villreinen. Tida vegane brøytast og er tilgjengelege må sjåast i samanheng med villreinen sin bruk av dei ulike områda. Ev. stenging må skje gjennom adaptiv forvaltning der veg kan stengast med bom ved avgjerande periodar for aktiviteten til villreinen. Vegen skal likevel vedlikehaldast.

Fylkeskommunen forutsett eit tett samarbeid mellom konesjonær og villreinstyresmakter i vidare prosess.

Kulturminne


Vestland fylkeskommune, ved seksjon for kulturarv, har vurdert denne saka, som sektoransvarleg for kulturminne.

Vi viser til revisjonsdokumentet pt. 3.7.2 der BKK viser til at det ikkje er kjent kulturminne i revisjonsområdet. Legg me til grunn BKK si avgrensing av nedslagsområdet jf. kapittel 3 – figur 1, dekker dette eit stort fjellareal.

Manglande kulturminneomtale

I rapport for Samla plan Vassdrag – Hordaland fylke Vaksdal kommune – Teigdalsvassdraget 254 Eksingedalsvassdraget/257 Teigdalsvassdraget Miljøverndepartementet 1989 vises det til at fleire kulturminne er påvist i utbyggingsområdet. Dette er eit areal som viser seg å ha fleire kulturminne registrert. Ved vassdraga og tiltaksområdet knytt til desse, viser det seg at Historisk museum (Universitetsmuseet i Bergen) har gjennomført registreringar både ved Grøndalsvatnet Volavatn, Askjelldalsvatn og Holskarvatnet i åra 1968-1973. Her vart det registrert både tufter, dyregraver og ein buplass frå steinbrukande tid. Fylkeskommunen har vendt seg til museet sitt arkiv, men me har ikkje klart å finne at dei registrerte kulturminna er frigjevne i samband med utbygginga. Det er heller ikkje opplyst eller lagt ved slik dokumentasjon i saka. Etter det me kan sjå, ligg museet sine registreringar i regulert vassmagasin.

Revisjonsdokumentet jf. kapittel 7, om skader og ulemper som følge av reguleringa, viser utgreiinga om villrein i kapittel 7.5 til fangstanlegg, dyregraver og bogestiller. Dette er data henta frå NINA rapport 411 2008 og NVS Rapport 28/2020. Me viser her til at anlegg som er knytt til førhistorisk bruk av området er automatisk freda kulturminne.



Når me legg saman ulike datasett frå ulike kjelder viser det eit relativt høgt tal kulturminne, spreidd over revisjonsområdet. Kulturminne som ikkje er omtalt i revisjonsdokumentet.

Krav til prosess

NVE sine forventningar til høyringspart er at ein innan kvart sitt sektoransvarsområde skal fremje forslag til avbøtande tiltak eller vurdere om kunnskapen om problemstillingane er god nok. Vestland fylkeskommune ser at når status på kulturminne ikkje er kjent, kartfesta eller skildra vil det heller ikkje vera råd å vurdere skadeverknad eller endring av vilkår.

Vestland fylkeskommune har difor ikkje tilstrekkeleg kunnskap til å vurdere konsesjonen sin verknad på kulturminna. Ei grovmaska samanstilling av ulike datakjelder viser at det er eit stort tal kulturminne. Dette er kulturminne med uavklart status. Dei kulturminna som er knytt til villrein i området, er kjent men ikkje gjort tilgjengeleg for kulturminnemyndet. Kjeldene har ikkje nok informasjonen eller ein kvalitet på skildring og kartfesting, som gjer at dei kan registrerast direkte i kulturminnedatabasen Askeladden.

Miljøverndepartementet viste i Samla plan for Vassdrag i 1989 til at «De tidlige registreringene i fjellområdet må regnes som foreldet i forhold til dagens metoder og erfaringer. En viktig test på om steinalderboplasser er oversett er å lete i utvasket strandsoner. Spor etter steinalderfangstfolk i de vestligste fjellstrøkene er svært sjeldne.. Det er gode muligheter for å finne flere spor etter utmarksbruk i jernalder middelalder ved mer intensivt leterarbeid..»

Forslag til tiltak

Vestland fylkeskommune vil difor be om at NVE stiller krav om at det vert gjort ei kartlegging av eksisterande kulturminneverdiar og oppfølgande kulturminneregistrering i revisjonsområdet. Dette for å få ein oppdatert status og kunne følgje opp med avbøtande tiltak der det er trong til det. Utan dette vil ikkje Vestland fylkeskommune som har sektoransvar for kulturminne ha høve til å vurdere våre interesser i saka.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har vedtakskompetanse i saka.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

I denne saka må ein vurdera og vekta ulike økonomiske interesser mot kvarandre. BKK og samfunnet tener godt på at BKK produserer store mengder rein kraft frå vatnet dei nyttar i kraftverka sine. I tillegg bidreg aktiv styring av regulerte magasin til flaumdemping. Noko som potensielt kan spare samfunnet og lokalbefolkning for store økonomiske tap i eit klima i endring.

På den andre sida medfører reguleringa konsekvensar på andre felt som ikkje like lett målast i kroner og øre. T.d. gjennom tap av natur grunna for låg vassføring i elvane. Bønder langs vassdraga er pålagde restriksjonar i drifta si grunna at elvane ureinast av næringssalt frå jordbruket. Meir vatn i elvane minskar påverknad av næringssalt på elvane.

Økonomiske tap BKK viser til i revisjonsdokument som følgje av ev. vass-slepp reduserast av meir tilsig i eit klima i endring.

Klima:

Produksjon av rein elektrisk kraft er viktig då denne i mange tilfelle kan erstatta fossile energikjelder i naudsynnte prosessar og bidra til eit betre klima.

Eit villare og våtare klima gjer at behovet for gode flaumdempingstiltak vert viktigare og viktigare. Regulerte magasin kan gjennom aktiv regulering fungere som buffer i vassdraga ved store tilsigsepisodar. Det er viktig at vilkåra i konsesjonen ikkje hindrar denne funksjonen.

Folkehelse:

Vassdraga og fjellområda i denne revisjonen vert aktivt nytta som turområde. Meir tilrettelegging for turar langs vassdraga skapar gode og tilgjengelege opplevingar i nature og bidreg til folkehelsa.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Denne fråsegna viser til at viss ein vektar nokon av FN sine berekraftsmål så kan det gå ut over emnar vår til å følgja opp nokon av dei andre. Her gjeld det spesielt at produksjon av rein energi (mål 7) må produserast på ansvarleg måte (mål 12) slik at det ikkje går ut over miljøet og livet i naturen (mål 15). Vi meiner dette er mogleg gjennom utforming og oppfølging av gode konsesjonsvilkår.

Konklusjon

Det produserast store mengder rein elektrisk kraft gjennom konsesjonane som har vilkåra oppe til revisjon. Vilråa er gamle, mangelfulle og utdaterte og må oppdaterast. Nye vilkår må sørgje for at regulanten kan produsera store mengder rein kraft utan at dette går utover naturen og miljøet. Regulanten må ha mogelegheit til å fortsetta å driva flaumdemping i eit klima som vert villare og våtare.